

Bergen Kommune
Postboks 7700
5020 Bergen

Dato	20.09.2022
Vår referanse	2022/73414-7
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ragnhild Berge Feidje
E-post	Ragnhild.Berge.Feidje@vlfk.no
Telefon	57638215

Fråsegn til Grønn strategi - klimastrategi - Bergen kommune

Vi viser til brev datert 10.08.2022 om innspel til Grøn strategi – klimastrategi for Bergen kommune.

Vurdering

Klima- og energiomstilling

Dei fire hovudmåla; KUTTE, SIRKULERE, BEVARE og FORBEREDE, føl godt opp plantemaa i vedtatt planprogram til regional plan for klima, der planen no er på høyring. Målformuleringane er gode og konkrete.

Klimaarbeidet er komplekst, og mange av tema må ein jobbe med på tvers. Det er positivt at de knyt kvar einskild satsingsområde opp mot dei overordna måla for å synleggjere dette. I tillegg er det positivt at de synleggjer målkonfliktar med dei ulike satsingsområda og dei overordna måla.

Tema for satsingsområda er viktige tema i klimaarbeidet og gir ein god oversikt over kva satsingsområda omfattar. Satsingsområda tek, samla sett, føre seg dei viktige utfordringane i klimaarbeidet og vil gi Bergen kommune eit godt utgangspunkt for å nå sine klimamål.

I satsingsområde 5 *Fornybar energi* blir energieffektivisering og smarte energisystem omtala. Vi oppmodar om at ein her òg inkluderer energisparing. Potensialet for å redusere straumforbruk ligg i samarbeid med næringsliv og innbyggjarar og vil potensielt føre til mindre behov for utbygging av ny kraftproduksjon.

I satsingsområde 7 *En tilpasset og trygg by* ber vi om at kommunen legg til at naturbaserte løysingar skal vurderast, og dersom det blir valt vekk skal dette grunngjevast jf. Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing §4-3 10. ledd.

Folkehelse

Det er positivt at Bergen kommune er ein føregangskommune for å kople klima og folkehelsefeltet saman. 01 Rettferdig omstilling treff godt det som no er oppe i tida som eit sentral innsatsområde framover. Strategien viser til klimarettferd og deltaking i tekstomtalen, Strategien kan med føremon også vise til *berekraftmål 10 redusere ulikheit*, dette prinsippet bør ligge til grunn for alle berekraftsmåla.

Mobilitet og kollektiv

Bergen er regionhovudstad med mange viktige funksjonar og eit næringsliv som medfører eit stort transportbehov og reisestraumar internt, men og inn og ut av kommunen. Vi viser til planprogrammet for RTP 2022-2033 og følgjande hovudmålet:

Vestland skal ha eit effektivt, trygt og framtidssretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.

Transport og mobilitet er eit viktig tema i Grønn strategi, og det er lagt vekt på *Bærekraftig Mobilitet* og *Fossilfri transport*. Ein stor utfordring er korleis kommunen skal handtere den venta trafikkauken frå dei større vegprosjekta rundt Bergen. Restriksjonar i form av streng parkeringspolitikk og bompengesatsar vil vere viktige verkemidlar, og det er positivt at kommunen har eit særleg fokus på ei heilskapleg tilnærming som sikrar likskap og ein føreseieleg politikk på dette området i heile kommunen. Vi har forståing for at dette er ein krevjande situasjon, både for kommune som eige forvaltingsorgan og som part i Miljøløftet. Byvekstavtalen forpliktar partane å følgje opp målet at veksten i persontrafikken skal takast med kollektivtrafikk, sykkel og gange.

Vi vil minne om at Miljøløftet har vedteke *Strategisk styringsdokument for innfartsparkering, 2022-2029*. Innfartsparkering er primært eit tilbod for arbeidsreisande i ytre delar av Bergen kommune og utanfor regionsentera som har det sentrale Bergen som målpunkt. Lokalisering av innfartsparkering skal difor i prinsippet etablerast i ytre deler av bergensområdet og vere kopla mot regionstamlinjennettet.

I Grønn strategi er det skissert opp ei rekke gode tiltak for korleis kommunen skal sikre berekraftig mobilitet og fossilfri transport. For fylkeskommunen er arbeidet med grønn omstilling i kollektivtrafikken særskild viktig, og i Bergen er det jobba aktivt for å sikre elektrisk busdrift. Dette krev tilrettelegging for ladeinfrastruktur, og vi registrere at slik tilrettelegging for alle transportformer er vektlagt i Grønn strategi.

Infrastruktur og veg

Vi ser at Grønn strategi med sine 12 satsingar omtalar mange av dei omsyn som er viktige for å oppnå mellom anna nullvekstmålet og fremjar berekraftig mobilitet.

Under overskrifta «en kompakt by for folk» kunne gjerne kvartalslengder, nettverk og konektivitet vore nemnd som viktige omgrep for å skape nettopp ein kompakt by som fremjar dei aktive transportformene. Føringer for å vende fasadar ut mot gater og byrom for å auke opplevd tryggleik vil kunne gjere aktive transportformer meir attraktive og skape tryggare områder og nabolag.

Når det gjeld mikromobilitet er det viktig at ein ikkje legg opp til eit system som vil gjere det attraktivt å velje transportformer som erstattar dei aktive transportformene, som vil vere i strid med målsetjinga om betre folkehelse og samstundes kunne forringe trafikktryggleik.

For å oppnå «rettferdig omstilling» kan det vere naudsynt å sjå på regulatoriske mekanismar opp mot inntektsnivå. Einsarta mekanismar og satsar kan verke passiviserande og ekskluderande for enkelte grupper. Mekanismane må syte for at berekraftige transportformer blir attraktive for alle grupper.

Når det gjeld redusering av transportbehov har dette samanheng med arealplanlegging og funksjonsblanding og er ikkje knytt til prioritering av transportformer i like stor grad, slik som skissert i satsing 03. Det er kanskje meir naturleg å knytte dette opp mot satsing 07 og 08 på areal. Det bør etter vårt syn nemnast konkret i samband med føringer for arealplanlegging.

I lys av teknologiske framsteg for elektrifisering av båtpark og ladeinfrastruktur er det naturleg å sjå på sjøvegen som ein del av eit heilskapleg transportnett. Ved å legge til rette for meir transport på sjø vil også arealbeslaget for utbygging av infrastruktur på land reduserast.

Når det gjeld satsing 10 om utsleppsfri avfallshandtering er hensiktsmessig plassering av returpunkt og liknande viktig. Det må leggast opp til plassering som ikkje medfører auka transportbehov.

Under satsingane som går på næring og innovasjon bør det liggje føringar for aktørane om krav og/eller målsetjingar til eksempelvis parkeringsdekning, kvalitetskrav til sykkelparkering og andre parameter som kan påverke reisemiddelval for tilsette og besøkande.

Vi ser at fleire av desse tilbakemeldingane kanskje er meir naturleg å innlemme i eit eventuelt handlingsprogram til strategien enn i sjølve strategien.

Kultur, idrett og inkludering

Vi saknar ei synleggjering av kulturmiljøfeltet i Grønn strategi – Klimastrategi for Bergen 2022-2030, og ber såleis om at dette fagfeltet vert innlemma i dokumentet. I Stortingsmelding 16 (2019-2020), *Nye mål i kulturmiljøpolitikken*, blei omgrepet kulturmiljø innført som eit samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Dette for å understreke heilskap og samanheng og gjere tilknytninga til den øvrige klima- og miljøpolitikken tydelegare. Vi viser også til Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing der det blir understrekt at kommunale planar bør vurdere korleis mellom anna kulturmiljø blir påverka og korleis dette kan følgast opp. Det blir i planretningslinjene presisert at kulturmiljøforvaltninga - på alle nivå - må skaffe ei oversikt over særleg klimautsette kulturminne og kulturmiljø.

I Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning 2021-2030 blir det påpeikt at både tiltak for reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til eit klima i endring vil vere viktig for å møte utfordringane vi står ovanfor. Riksantikvaren peiker på at kulturmiljøforvaltninga er ein del av løysinga. RA sin strategi har tre hovudmål: «1) Kulturmiljø forvaltes gjennom samordnet arealbruk og arealplanlegging, slik at klimagassutslipp reduseres og kulturhistoriske verdier og interesser ivaretas. 2) Bygninger bevaras og brukas, slik at klimagassutslipp reduseres og kulturmiljø ivaretas. 3) Energijytelsen i eksisterende bygninger forbedras, slik at klimagassutslipp reduseres og kulturhistoriske verdier ivaretas.» Med dei tre hovudmåla følgjer ulike strategiske satsingar.

I høyringsdokumentet blir det vist til Bergen kommune sin kulturmiljøplan, Kulturminnestrategi – Identitet med særpreg, som ein av fleire planer som bidreg til ei klimavenleg byutvikling. Grønn strategi – Klimastrategi for Bergen 2022-2030 bør ta opp i seg nokre av dei momenta som kjem fram i kulturminnestrategien sin del 2 og 3 under kapittelet «Arealpress, endringer og klima». Der blir mellom anna klimaendringane sine konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø – både når det gjeld ståande byggverk og arkeologiske kulturminne – problematisert. Det blir dessutan vist til tre hovudelement som vil vere viktige å vidareutvikle for å svare på klimautfordringane for kommunen sitt kulturminnevern: «1) en redegjørelse av konsekvenser av klimaendringer for kulturminner i Bergen kommune, 2) bruk av kulturminner som del av løysningen på bærekraftig utvikling og 3) praktisk bygningsvern som en måte å fremme bevaring av kulturminner for bærekraftig utvikling.»

Dei ovanfor nemnte planane, strategiane og føringane synleggjer at kulturmiljøfeltet er ein viktig del av den øvrige klima- og miljøpolitikken. Vi ber om at dette også kjem tydeleg fram i Grønn strategi – Klimastrategi for Bergen 2022-2030.

Generelle merknadar

Samarbeid er vesentleg for å nå klimamål. I punkta «hva må til?» under kvart satsingsområde meiner fylkeskommunen at det er føremålstenleg å skilje mellom kva kommunen som organisasjon og samfunnsutviklar skal arbeide med, og kva som må arbeidast med i samarbeid med andre aktørar. Vi saknar ei konkretisering av korleis kommunen skal følgje opp mål og strategiar og korleis punkta i «kva må til?» er knytt til kommunale verkemiddel og ansvarsområde. For å nå klimamåla i Bergen kommune må ein arbeide med dette i alle ledd av organisasjonen. Vi ber difor kommunen om å vurdere å utarbeide eit handlingsprogram knytt til klimastrategien.

For at strategien skal vere eit godt og tenleg verktøy i sakshandsaming, forvaltning og som oppslagsverk for andre brukarar, ville det vore nyttig med nokre justeringar av dokumentet. Vi saknar mellom anna ei innhaldsliste til å få ei rask oversikt innleiingsvis. Det ville også vært nyttig med ei leserettleiing, der det kom tydeleg fram kva som var hovudmålsettinga, satsingsområde og strategiske mål. Og vidare at desse ulike nemningane vert presentert i full tekst, der dei vert vist til i dokumentet.

Oppsummering

Vestland fylkeskommune meiner at dei fire hovudmåla i Grønn strategi føl godt opp plantema i den regionale planen for klima som no er på høyring. Vi har elles merknader utifrå omsyn til klima- og energi-omstilling, folkehelse, mobilitet og kollektiv, infrastruktur og veg samt at vi saknar temaet kulturmiljø i strategien. Vi har også innspel til presentasjon av strategien og meiner det er føremålstenleg å utarbeide tilhøyrande handlingsprogram.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule

fagleiar

SUD – Plan, klima og folkehelse

Ragnhild Berge Feidje

rådgjevar

SUD - Plan, klima og folkehelse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2